



Notat

Dato:
Arkivsak: -
Saksbehandlar:

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Omklassifisering av fylkesveg til riksveg – aktuelle vegstrekningar

1. Innleiing

Uvalet for Miljø og Samferdsel hadde sak om «omklassifisering av fylkesveg til riksveg» til handsaming den 11. november 2015 (PS121/15). Innstillinga i saka vart samrøystes vedteken.

Representant for Miljø og Samferdsel Jon Askeland (Sp) fremja følgjande oversendingsforslag til fylkesrådmannen;

«Utvalet for Miljø og Samferdsel sender saka attende til administrasjonen og ber om ei utgreiing på aktuelle fylkesvegar som kan omklassifiserast til riksveg»

Dette notatet er svar på oversendingsforslaget frå Jon Askeland (Sp).

I brevet frå Statens vegvesen av 14. oktober 2015, vart fylkeskommunen bedt om å vurdere aktuelle vegstrekningar som kunne vere aktuelle for omklassifisering frå fylkesveg til riksveg med omsyn til følgjande:

1. Vurdering av fylkesvegane etter klassifiseringskriteriane i forvaltningsreformen 2010.
2. Større vegar med sterke næringsinteresser som kan vurderast overført til staten.

2. Vurdering av fylkesvegane etter klassifiseringskriteriane i forvaltningsreformen 2010.

I samband med forvaltningsreforma i 2010 vart det fastsett eit kriteriesett for den delen av vegnettet som framleis skulle vere riksveg. Desse kan kort omtalast slik;

- Stamvegnettet
 - Stamvegnettet ble forutsatt å være riksveg fortsatt (Begrepet stamveg er tatt bort)
- Tilknytning til Nasjonale knutepunkter
 - Nasjonale intermodale godsknutepunkter, dvs. stramnetthavner (sjø til land), store jernbanegodsterminaler og enkelte ferjeterminaler som er viktige for godstransporten forutsettes å være knyttet til riksveg.
 - Knutepunkt for persontransport, dvs. stamlufthamner og nasjonale kollektivknutepunkter (Oslo Sentralstasjon og Oslo Bussterminal) forutsettes å være knyttet til riksveg. De nasjonale knutepunktene er definert i NTP 2010-2019, vist på kart
- Tilknytning til større byområde
 - Kommuner med over 20.000 innbyggere og eit stort tettsted, forutsettes å være knyttet til et tettsted.
- Interregionale veger (veger som går gjennom minst tre fylker)

- Veger som er tilknyttet riksvegar i nabolandene. (utenlandsforbindelser)

Fylkesrådmannen ser at det særleg er kriteria knytt til større byområde eller knytt til nasjonale knutepunkter som kan ha betydning for omklassifisering, frå fylkesveg til riksveg. Ut i frå dette kriteriet ser fylkesrådmannen no at desse to fylkesvegane kan vurderast omklassifisert;

- Fv. 562/563 Storavatnet – Kleppestø (Askøyveien/Klampavikvegen). Dette er tilførselveg til Askøy kommune med over 20.000 innbyggare.
- Fv. 540 Liavatnet – Flyplassvegen (Ringveg vest): Denne vegen er knytt saman med riksvegen i begge endar og er ei tilførselveg til Bergen lufthamn -Flesland.

3.Større vegar med sterke næringsinteresser.

I tillegg til kriteriesettet frå forvaltningsreforma 2010, viser Statens vegvesen til Stortinget si handsaming av «*St.meld. 14 (2014-15) Kommunereformen – nye oppgåver til større kommuner*», der det gjennom fleirtalsmerknad vart bedt om; «*...Større vegar med sterke næringsinteresser kan vurderes overført til staten som en del av denne vurderingen*».

Med utgangspunkt i denne fleirtalsmerknaden vurderer fylkesrådmannen følgjande vegstrekning på fylkesvegnettet, som aktuelle for omklassifisering til riksvegnettet:

- Fv.561 Kolltveit – Sture (Viktig næringsvei til; Ågotnes hamn/industriområde, Kollsnes hamn og Sture terminal).
- Fv.57 Knarvik – Mongstad (Vegen til Mongstad industriområde/hamn).